

# Lagar ny tunnelbrosjyre

Det skal lagast endå ein brosjyre om kvamskogtunnelen. – Me må vera meir konkrete, seier ordførar Astrid Selsvold (Ap).

SIGBJØRN LINGA


Frå før har Kvam Bompengeselskap AS laga ein brosjyre som fortel mest om Kvammapakken og mindre om idéen om kvamskogtunnelen. Ordføraren vil vera meir konkret og fokusera på kabelpolitikk.

## – Klar i mai

Ho trur konkretiseringa vert mogleg når Statnett si "mogelegheitsstudie" av kvamskogtunnelen er klar om kort tid. Selsvold vonar å trykja den nye brosjyren i mai.

– Me ynskjer ein brosjyre retta mot stortingsrepresentantar og andre politikarar, som skal ha informasjon om kva saka gjeld, om kabelpolitikk, om kva som har skjedd før og om konsekvensar, sa ho til formannskapet tysdag.

I vinter vart det oppnemnd ei tverrpolitisk gruppe som



Martin Vik (t. v.) ynskjer å driva tung lobbyverksemd mot departement og regjering allereie no. Oddvar Brakestad (t. h.) trur ikkje dei vil ta i saka enno.

Arkivfoto: Sigbjørn Linga

skal arbeida for kvamskogtunnelen. Grappa har hatt tre møte. Ifylgje Selsvold ynskjer grappa å møta sentrale personar i mellom anna departementa.

– Slaget om samordning av veg og tunnel vil stå politisk. Me må arbeida mot hordalandsbenken og dei to involverte departementa, sa Martin Vik (Sp).

## – Tek ikkje i saka

Styreleiar og politikar Oddvar Brakestad i KBS understreka nok ein gong at stortinget ikkje vil ta i saka før fylkestinget prioriterer prosjektet. Han trur difor den viktigaste jobben er å få fylkestinget med på tunnellaget.

– Det vert ikkje bygd tunnelar på riksvegnettet utan at fylket ynskjer det. Ingen statsråd overkøyrer fylkestin-

get, sa han. Han framheva òg at det er utgreiinga om kvamskogtunnelen, som vert tinga i desse dagar, som for alvor vil seia noko om samfunnsnyttan av prosjektet.

– Det er korrekt at fylkeskommunen prioriterer, men Statnett er styrt av regjeringa. Eg trur sentrale styresmakter kan påverka selskapet til å sjå på samordning, svarte Martin Vik.

# Ikkje i mål med søknad

SIGBJØRN LINGA

Enno er det uvisst korleis den endelege bompengesøknaden vert.

2. mars møttest styret for Kvam Bompengeselskap AS (KBS), Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune

for å drøfta utforminga av søknaden.

– Drøftinga vart ikkje slutført. Me forventar å ha klart eit endeleg framlegg denne månaden, seier styreleiar Oddvar Brakestad til HF.

Han seier søknaden må kvalitetssikrast frå ende til annan.

Dessutan vert det vurdert om Samnanger sitt bompengenei skal få fylgjer for søknaden.

– Det veit me ikkje enno. Men vegane har like stor trong for utbetring som før Samnanger sa nei, seier Brakestad.

Tysdag sende han utgreiinga av kvamskogtunnelen

ut på tilbod. Tilbudsfristen er komande måndag. Ei arbeidsgruppe med representantar for fylkeskommunen, vegstellet, KBS, Kvam herad og Samnanger kommune skal avgjera kven som får oppdraget.